

Norges Fjordhestlag  
Myroldhaug  
6770 Nordfjordeid

## Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 09/2022  
Type: Teamsmøte  
Tid: Onsdag 17. august kl.19:00

- Orienteringar:
  - Avlsutvalet
  - Aktivitetsutvalet
  - Marknadsføringsutvalet
  - Frifond tildeling
  - Dommarsamling

Desse møtte:  
Hege Sæther Moen  
Vidar Heggheim  
Ingvild Rydjord Hansen  
Anne Karin Høgalmen  
Giljar Groven  
Stine Samsonstuen  
Jenny Johnsen  
Bjørn Vollstad  
Asle Espe

**Sak 47/22 Klage frå EM deltakarar om piskbruk under arrangementet i Danmark, og vurdere om det er behov for statuttendring og evaluering i FHI.**

*Vedtak: Aktivitetsutvalet og Stine Samsonstuen går gjennom statuttane for slike meisterskap for å finne ut korleis desse uheldige episodane kunne skje, og legg fram konklusjonen i neste styremøte. Jenny Johnsen presenterer klagen og konklusjonen frå aktivitetsutvalet for styret i FHI til deira neste styremøte.*

**Sak 48/22 Retningslinjer for statuttrevidering av NM reglement.**

*Vedtak: Aktivitetsutvalet vurderer innspela frå NM deltakarane og lokallaga, og foreslår retningslinjer for statuttrevidering for styret i Norges Fjordhestlag.*

**Sak 49/22 Norske kandidatar til digital utstilling i regi av FHI.**

Vedtak: *Norges fjordhestlag ønsker å sende videoar av dagens hingst 2022, vinnar av landsfinalen i Seljord og eit kvalitetsføl frå hoppeutstillinga i Stryn til internasjonal digital utstilling i regi FHI organisert av Sverige.*

**Sak 50/22 Utvida virkeområde for stamboka, internasjonalt register og oversetting av avlsplan for Fjordhest.**

Vedtak: *Leiarane i avlsutval , styret i NFL, representant Norsk hestesenter og leiar i FHI arbeider vidare med utviding av virkeområdet for stamboka og internasjonalt register. Det er tema på dommarsamlinga og på haustmøtet, skal sendast lokallaga for uttale og blir sak på årsmøtet 2023.*

**Sak 51/22 Neste styremøte blir 20.september kl 19.00**

**Sak 52/22 Styret i Norges Fjordhestlag skal ha nye medlemmer i arbeidsgruppa for Skeid og Barnas Fjordhest. Aktuelle kandidatar blir kontakta og blir formelt valde på neste styremøte.**

Referent

Asle Espe